

MØTEBOK

HALLINGTINGET

TID: 28.april 2017
STAD: Ål, Torpomoen

Desse møtte på Hallingtinget:

Hol kommune	Hemsedal kommune
Petter Rukke	Oddvar Grøthe
Sigrid Simensen Ilosøy	Kjell Erik Skølt
Matias Eide Sataøen	Maria Jartman
Petter Braaten	Olav Støyten
Nina Dalen	Petter Owesen
Ål kommune	Nes kommune
Solveig Vestenfor	Tore Haraldset
Dagfinn Bøygard	Nils Rodegård
Torhild Helling Bergaplass	Kristian Noreng
Ole Egil Trintrud	Geir Garthus
	Torill Thømt
Gol kommune	Flå kommune
Heidi Granli	Tor Egil Buøen
Helge Feet	Kristin Gullingsrud
Leif Norhaug	Kristian Akervold
Roger Toppen	Merethe Gandrud
Herbrand Jegleim	

Av rådmennene møtte: Tone Tveito Eidnes, Ål kommune, Hege Mørk, Gol kommune, Torbjørn Hansen Nes kommune, Odd Egil Stavn, Flå kommune.

Administrasjon Regionrådet

Knut Arne Gurigard, dagleg leiar
 Ulrikke Ytteborg, rådgjevar

Frå Buskerud fylkeskommune møtte: Iselin Haugo og Anders Wengen, fylkeskontakt

Rådsordførar Oddvar Grøthe opna Hallingtinget

SAK 01/17 ORIENTERING OM MOGELEG LOKALISERING AV STØRRE VERKSEMD I HALLINGDAL

Stiftinga Krokeide (Krokeide vidergående skole) ved styreleiar Trond Solvang, rektor/dagleg leiar Trond Iversen og Lena Lie , assisterande rektor, orienterte om mogeleg etablering av tilsvarande skule som på Krokeide (utanfor Bergen), på Austlandet i Hallingdal. Krokeide vidergående skole er ei landsdekkjande internatskule med ca. 180 elevar og 80 tilsette. Skula tilbyr yrkesretta vidaregåande opplæring for personar med fysiske eller psykiske funksjonsutfordringar eller lærrevanskar. Vedlagt nærare presentasjon. Hallingtinget såg svært positivt på tankane om etablering i Hallingdal.

SAK 02/17 REKNESKAP 2016**Vedtak**

1. Hallingtinget godkjenner rekneskapet til Regionrådet for Hallingdal for 2016 med revisoruttale, og at overskot på kr. 34.716,69 blir overført til disposisjonsfond.
2. Eventuelle store avvik skal kommenterast ved seinare rekneskap.

SAK 03/17 ÅRSMELDING 2016**Vedtak**

Hallingtinget godkjenner årsmeldinga for 2016, med dei merknadar og tillegg som kom fram i samband med gjennomgang. Vedlagt årsmelding 2016, rev. 28.4.2017.

SAK 04-17 STRATEGISK PLAN FOR HALLINGDAL 2017 – 2020**Vedtak**

1. Hallingtinget vedtek Strategisk plan for Hallingdal 2017 – 2020 med innsatsområder. Under innsatsområde «Folk som ressurs» skal frivilligheit leggjast inn som eit underpunkt.
2. Hallingtinget ber kommunane i Hallingdal koma med forslag til tiltak i forhold til vedtekte innsatsområder.
3. Hallingtinget vedtek handlingsprogram for 2018 med bakgrunn i vedteken plan og uttaler frå kommunane.

SAK 05-17 NASJONAL TRANSPORTPLAN 2018 - 2029

Dagleg leiar orienterte om stortingsmelding 33 (2016 -2017) Nasjonal Transportplan 2018 – 2029, i forhold til Hallingdal. Vedlagt presentasjon.

SAK 06-17 VERKEMIDDELBRUK, INNOVASJON NORGE

Tomas Ruud, seniorrådgjevar i Innovasjon Norge Buskerud og Vestfold, orienterte om Innovasjon Norge sitt formål, hovudmål, pådrivarrollen og ulik verkemiddelbruk med vekt på Buskerud og Hallingdal. Vedlagt presentasjon.

SAK 07-17 EVENTUELTT**Ole-Egil Trintrud, spørsmål vedr. elektroniske bommar****Spørsmål**

Etter å ha blitt kontakta av vegeigarar med elektroniske bomløysinger kjem eg fredag til å stille spørsmål til regionrådet ved KAG om kor denne saka står i dag. Etter som eg har forstått skulle regionrådet arbeide vidare med saka for eventuelt å samkjøyre ei ordning der alle blålysetatane i Hallingdal i kvart utrykningskøyretøy har fjernstyring. Denne fjernstyringa skal da fungere i alle dei elektroniske bommene i dalen.

Fleire elektroniske bommer i Hallingdal har i dei seinare åra vorte brote opp når utrykningskøyretøy ikkje har kome i gjennom. Dette fører til forsinka utrykning og store utgifter i etterkant for vegeigarane.

Svar, dagleg leiar Knut Arne Gurigard

Regionrådet for Hallingdal, saman med vegen Søndrål – Varaldsetodd, og vegen Randen – Varaldset arrangerte 14.8.2007 møte for vegar i Hallingdal med elektronisk bom.

Bakgrunnen for dette var ei hending i bommen ved Randen 5 august 2006, der ei ambulanse ikkje kom gjennom bommen, og deretter braut opp bommen for å kunne passera.

Føremålet med møte var å drøfte tekniske løysingar som gjorde at naudetatar lett kunne passere elektroniske bommar utan betaling.

Totalt var det registrert ca. 30 elektroniske bommar på dette tidspunktet.

Det vart i etterkant av møte arbeid med å få til ei felles løysing. Det synter seg at det var noko ulike oppfatningar om behov og kven som skulle betala. I tillegg var det på dette tidspunktet fleire bommar som ikkje var elektroniske. Ut frå dette arbeidde ikkje regionrådet vidare med saka.

Etter dagleg leiar sitt syn har dette vorte meir ei prinsippsak, der problemstillingane er noko ute av proporsjonar. Etter det dagleg leiar skjørnar har det vore fleire tilfelle der bom er bryte opp, visst nok i mangel på betalingsmogelegeheter. Ambulansetenesta hevdar at det er vegeigar si plikt å sørge for at naudetatar må kunne passere bommar, utan at det må skje ei betaling i form av kort eller peng. Det blir og sagt at type mobilbetaling kan aksepteras.

Dagleg leiar har vore i kontakt med Valdres, Gudbrandsdalen og Fjellregionen som er tilsvarande regionar som Hallingdal, i forhold til bomvegar til t.d. hytteområde. Ingen av desse områda har løysingar som er tilpassa «fri» passering for naudetanane og det er ikkje funne fram til tilsvarande situasjonar og problematisering som har vore i Hallingdal. Men temaet skal visstnok ha vore drøfta på fylkesmannsnivå i Innlandet.

Etter dagleg leiar sitt syn bør det vera mogeleg å koma fram til smidige løysingar, som ikkje krev større investeringar.

Ål 5.5.2017
Rett utskrift

Knut Arne Gurigard
Dagleg leiar

Vedlegg:

- | | |
|------------|--|
| Sak 01-17, | Presentasjon Krokeide vidergående skole ved styreleiar Trond Solvang,
rektor/dagleg leiar Trond Iversen og Lena Lie |
| Sak 03-17, | Årsmelding 2016, ver.2 |
| Sak 05-17, | Presentasjon Nasjonal Transportplan 2018 – 2029, ved Knut Arne Gurigard |
| Sak 06-17, | Presentasjon verkemiddelbruk Innovasjon Norge, ved Tomas Ruud, Innovasjon
Norge, Buskerud og Vestfold |